



Erlend Spurkeland
Bispengsgaten 6
5018 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/544 - 22/8213

Saksbehandlar:
Jan Kvingedal
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
10.10.2022

Melding om delegert vedtak - tilknytning til kommunalt ledningsnett - gbnr 30/66

Viser til søknad motteke 31.05.22

Administrativt vedtak. Saknr: 104/2022

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknytning og godkjenner søknad om tilkopling til kommunalt vassverk for annekst i sak 22/545 og vilkåra her.

Før det vert gjeve ferdigattest / mellombels bruksløyve for tiltaket må fylgjande ligge føre:

- 1. Tilknytingsavgift skal være betalt før tilkopling til kommunalt vassverk**
- 2. Dersom det må nyttast reduksjonsventil eller er behov for trykkauking, er det tiltakshavar som må ta kostand med dette.**
- 3. Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er avslutta.**

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS vert godkjent som ansvarleg søkjar for tilknytninga.

Heimel: Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknytning

Klagerett: Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fv. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker (fv. §29)

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jfr. Kommunelova §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Klage Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen jfr. Fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endring ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
1.1.3	Tilknytingsavgift for vatn, bustad/hytte 0-70 m2		12313,-
	Totalt gebyr å betala		12313,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnigjeven.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Det er i søknad mottatt 31.05.22 søkt om løyve til tilknytning til kommunalt vassverk for annekst på gnr. 30 bnr. 66

2. Fakta

Saka gjeld tilkopling til kommunalt vassverk for annekst i sak 22/545. Dersom det må nyttast reduksjonsventil eller er behov for trykkauking er det tiltakshavar som må ta kostanden med dette.

3. Vurdering

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS vert godkjent som ansvarleg søker for tiltaket. Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er avslutta.

4. Konklusjon

Søknad om tilknytning til kommunalt vassverk for annekst på gnr. 30 bnr. 66 vert godkjent som om søkt.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørn Rune Kvinge

Erlend Spurkeland

KVINGEBAKKEVEG 5981
EN 97

Bispengsgaten 6 5018

MASFJORDNES

Bergen